

60-sone er berre starten

Det er verken ein aprilspøk eller nokon anna form for spøk å ha ein av fylkets mest trafikkerte strekningar tvers over øya. Denne veka fekk endå ein bit av fv. 61 nedsett fartsgrense.

Som oppvaksen i Herøy hugsa eg Hareidsvegen som ei tolmodigheitsprøve frå Strandabøen og over Eidet, og vidare nedover mot Hareid for endelege å kome seg avgarde med hurtigbåt eller ferje og vidare ut i verda.

Så flytta vi heim. Kven skulle tru at eg då enda opp som Hareidsdøling midt opp i dalen sjølv. Det er iallfall sentralt. No kjem eg meg ned på kaia på nokre minutt, og kan velje mellom kollektivtransport, sykkel eller bil dersom eg skal ein stad.

Svigerfar Andreas fortalde om då det kom asfalt. Det vart vanskeleg å få kyrne over vegen og til beite på markane og myrane ned i dalen. Men så kom gulestripa. Det var slutten. Dyra nekta å gå over. Dei såg fare. Menneska sine liv hadde meir verdi.

Med auken i aktivitet, næringsliv og busetjing har også trafikken auka jamt. Vi er glade for ferje kvart tjuande minutt. Men trafikken er enorm. Idet den siste bilen eller vogntoget køyrer av ferja, er den første bilen i ferjekøa allereie komen over Eidet. Samstundes er det ei rekkje med kanskje hundre bilar nedover dalen på veg ombord til neste avgang. Det tek fem-ti minutt, ferja er full og så går det nokre minutt før neste ferje er på veg i land, og det same repeterer seg oppatt og oppatt døgnet rundt kvart tjuande eller trettiande minutt.

Tenk nytt

Dette syner eit behov for ei ny ferdselsåre over øya. Utan ny infrastruktur vil alt stoppe opp. Og det verste er at langs vegen vert det uleveleg. Vi set opp støyskjermer og murar oss inne. Kryss og avkøyrslar vert livsfarlege. Men på eit tidspunkt vert det som med kyrne. Det stoppar seg sjølv visst vi ikkje tenker nytt. Risikovurdering og verdivurderingar heng saman.

60 er eit symptom

Nedsett fart er eit symptom og eit faresignal. Denne flaskehalsen av ein veg er kanskje den største utfordringa vi har på øya. Vegløysinga må få meir merksemd lenge før HAFAST, visst det skal vere aktuelt. Kryssingspunkt som på Holstad og i Saunesmarka har vorte rekkjefølgjekrav før vi får utvikle meir nærings- og bustadområder. Og ikkje minst må det løysast før vi får fleire unødvendige ulukker.

Kristian Fuglseth